



## DOVRE KOMMUNE

Landbruks- og matdepartementet

### Melding om vedtak

Vår ref  
2014/613/3/V90

Deres ref:

Saksbehandler  
Ellen M.S. Syse

Dato  
03.12.2014

## Høyringsuttale - ny forskrift om midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket

Vedlagt oversendes vedtak i sak 54/14 behandlet i Plan-, nærings- og utviklingsstyret 2.12.14.

Klageadgang:	<i>Forvaltningsloven §§ 28 - 34</i>
	<i>Dette vedtaket kan påklages skriftlig. Klagefristen er 3 uker fra den dato vedtaket er mottatt. Ved behov for råd og veiledning i forbindelse med klagen, kontakt kommunen/saksbehandler.</i>

Med hilsen

Wenche U. Haugom  
Kons.



DOVRE KOMMUNE

Saksnr: 2014/613 -2  
 Arkiv: V90  
 Saksbehandler:  
 Ellen Marie Sørungård Syse  
 Dato: 19.11.2014

## Saksframlegg

Utv.saksnr	Utvalg	Møtedato
54/14	Plan-, nærings- og utviklingsstyret	02.12.2014

### Høyringsuttale - ny forskrift om midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket

- |   |   |                                                                                                      |                                       |
|---|---|------------------------------------------------------------------------------------------------------|---------------------------------------|
| 1 | I | <u>Høring - forslag til ny forskrift om midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket</u> | <u>Landbruks- og matdepartementet</u> |
| 2 | S | <u>Høyringsuttale - ny forskrift om midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket</u>     |                                       |

#### Vedlegg:

- 1 Høring - forslag til ny forskrift om midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket
- 2 Forslag til ny forskrift om midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket

#### Vedtak til:

Landbruks- og matdepartementet

#### Saksutredning:

Landbruks- og matdepartementet har sendt på høyring forslag til ny forskrift om midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket. Høyringsfristen er 28.11.2014.

Departementet skriv i sitt høyringsbrev at det med bakgrunn i dei to siste jordbruksoppgjera er nødvendig å endre forskrifta 28. januar 2009 nr 75 om midler til bygdeutvikling. I desse jordbruksoppgjera vart maksimal prosentstøtte for tilskot til investeringar i produksjonsanlegg heva og maksimal grense for tilskot til investeringar i produksjonsanlegg oppheva på nasjonalt nivå. Ordninga med sentrale bygdeutviklingsmidlar (BU-midlar) forvalta av Innovasjon Norge vart ikkje vidareført, og praktikantordninga innanfor utrednings- og tilretteleggingsmidla vart avvikla. Ut frå eit mål om ei meir heilskapleg forskrift, samt behovet for presisering og tydeleggjing av forskrifta sine verkeområder og føresegner, har departementet og føreslått enkelte andre endringar i forskrifta.

Departementet sitt forslag og vurderingar:

- I dagens forskrift er det ikkje klart definerte mottakarar av dei ulike tilskota. Departementet meiner regelverket bør definere kven som kan vere tilskotsmottakar, og har derfor foreslått at det berre skal vere registrerte føretak som kan søkje om og motta tilskota. Trass i at dette er ei endring samanlikna med gjeldande regelverk, trur ikkje departementet at endringa vil få nokon nemneverdig praktisk verknad.
- Til forskjell frå dagens forskrift er lista over dei ulike tiltaka det kan gjevast stønad til uttømmande, jf § 3 nr 1 til 6. Dette inneber at dagens føresegn om at det kan gjevast tilskot til «andre tiltak» vert foreslått oppheva. Departementet meiner det er viktig at ei liste i så stor grad som mogleg angir presist kva tiltak som skal kunne vere tilskotsberettiga slik at det vert skapt forutsigbarheit for søkjar. Enkelte prosentsatsar vert endra og grensa for maksimalt tilskot som tidlegare var på 1 million kroner, vert oppheva på nasjonalt nivå, jf årets jordbruksoppgjjer og jordbruksoppgjjeret 2013. Det er for øvrig ikkje foretatt materielle endringar i desse føresegnene, men ordlyden har i noko grad blitt endra.
- I dagens forskrift § 4 sjuande ledd er det fastslått at dersom arbeida er påbyrja før søknaden er avgjort kan tilskot og rentestønad bli nekta løyvd. Denne regelen gjev tilskotsforvaltaren ein skjønsmessig tilgang til å avvise søknadar der byggearbeidet er igangsatt eller slutført før søknaden er ferdig behandla. Departementet har skjjerpa inn føresegnene som regulerer tilskot til påbyrja tiltak. Som ei presisering av gjeldande «kan»-føresegn, vert det foreslått at stønad *ikkje skal* gjevast dersom tiltaket er påbyrja. På denne måten unngår ein at praktiseringa vert ulik, slik den kan bli når føresegna inneheld skjønsmessige vurderingar.
- Departementet foreslår å behalde føresegna om at det ikkje kan løyvast tilskot til tiltak på landbrukseigedommar som i sin heilskap vert eigd og drive av stat, fylke eller kommune.
- Departementet har slått saman føresegnene som omhandlar administrasjon, dispensasjon og klage. Det er ikkje foretatt materielle endringar i føresegnene.

Høyringsnotatets forslag til ny forskrift inneber for ein stor del oppdateringar og tydeleggjering av enkelte føresegner. Dette i seg sjølv gjev ikkje auka utgifter og får heller ikkje administrative konsekvensar.

### **Vurdering:**

Rådmannen finn Landbruks- og matdepartementet sitt forslag til ny forskrift om midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket hensiktsmessig. Rådmannen vil likevel framheve eit punkt der ein frykter at den foreslåtte endringa vil kunne slå negativt ut for landbruket i Dovre kommune:

- Ved ei innskjerping av dagens «kan»-føresegn i tilknytning til påbyrja byggearbeid, frykter rådmannen at enkelte gode og positive tiltak vil bli «lagt på is» eller i verste fall ikkje bli noko av. Rådmannen ser departementets argument med at ein ved ein meir rigid «ikkje skal»-regel, kan unngå bruk av skjønn, og slik få ei meir lik praktisering. Ein «kan»-regel skal på ingen måte misbrukast, men det vil etter rådmannen sitt syn vere tilhøve der eit såkalla «igangsettingsløyve» før søknaden er ferdigbehandla kan vere riktig. I år med stor pågang av søknadar, kan søkjarar oppleve å ikkje få behandla sin søknad på grunn av mangel på midlar. Ei utsetting av byggearbeida kan føre til auka kostnad på grunn av td prisstigning eller at avtalt, innhenta pris er tidsavgrensa. Vidare kan det vere særskilte tilhøve, td sjukdom, skade, sanering, brann mm som kan føre til at det er behov for å bygge/bygge om raskt. I slike tilhøve hadde det vore svært hensiktsmessig å kunne gje igangsettingsløyve. Dette vil i så fall sjølvsagt måtte skje på søkjars eige ansvar. Søkjar er

ikkje garantert å få tilskot, men kan få starte opp på eiga rekning og ansvar, for å sleppe å måtte vente i kanskje opp mot eit år.

På bakgrunn av dette meiner difor rådmannen at dagens «kan»-føresegn (§ 4 sjuande ledd i dagens forskrift) bør vidareførast.

### **Rådmannens innstilling:**

Plan-, nærings- og utviklingsstyret vedtek:

1. Dovre kommune er positiv til forslag til ny forskrift om midler til investering og bedriftsutvikling i landbruket, og finn fleire av dei foreslåtte endringane hensiktsmessige.
2. Dovre kommune meiner likevel at ei endring frå «kan» til «skal ikkje» i høve til å løyve midlar til påbyrja tiltak kan få negative konsekvensar. Dovre kommune ber derfor om at dagens «kan»-føresegn vert vidareført.

### **Saksprotokoll i Plan-, nærings- og utviklingsstyret - 02.12.2014**

#### **Behandling**

#### **Vedtak**

Rådmannens innstilling ble enstemmig vedtatt.